



Høgskulen
på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet

Rapport frå arbeidsgruppe for val av universitetsnamn

Bergen 01.12.21

Høgskulen på Vestlandet

Rapport frå arbeidsgruppe for val av universitetsnamn

Innhald

Bakgrunn	3
Arbeidsgruppa	3
Framgangsmåte	3
Innspelsrunde	4
Arbeidsgruppa sine vurderingar	7

Bergen 01.12.21

Ole-Gunnar Søgner

Leiar for arbeidsgruppa

Bakgrunn

Høgskulen på Vestlandet har mål om å sende inn søknad om universitetsakkreditering til NOKUT rundt årsskiftet 2022/2023. For å kunne profilere og skape engasjement, og bygge ei sterk merkevare for det nye universitetet, er det ein fordel å kome fram til det nye namnet i god tid. Det er viktig at namnet på det nye universitetet er godt forankra internt i organisasjonen, men også i omgjevnadane våre.

Arbeidsgruppa

Rektor sette i mai 2021 ned ei arbeidsgruppe som leiar prosessen med å kome fram til eit grundig avgjerdsgrunnlag for nytt namn på det nye universitetet på Vestlandet. Arbeidsgruppa består av

- Ole-Gunnar Søgner (førsteamanuensis, FIN, Bergen) – leiar for gruppa
- Eli Bjørhusdal (professor, FLKI, Sogndal)
- Rune Hjelmseter (rådgivar, FIN, Haugesund)
- David Gabriel Hebert (professor, FLKI, Bergen)
- Caroline Graave Nakling (Studenttinget)
- Elin Espe Stensvand (rådgivar, fellesadm. Bergen)

Framgangsmåte

Det blei sett av om lag seks månader til prosessen. Dette er den skisserte framgangsmåten som blei forankra i styret og toppleiinga hausten 2020 (O-46/20):

Hva	Hvordan	Formål
Prosjektleder	Oppnevne leder av navneprosjekt	Gjennomføring
Prosjektgruppe	Utvalg som representerer hele HVL	Forankring
Igangsetting av navneprosess	På Vestbylen	Skape interesse for universitetsambisjonen og navn
Regler for navnsetting	Etablere kriterier som navneforslag skal vurderes opp mot	Gjennomsiktig prosess bidrar til legitimitet
Innsamling av navneforslag	Etablering av en løsning på intranett/ student-nettsider for innsending av navneforslag og kortfattet begrunnelse	Skape medvirkning og deltagelse
Vurdering av navneforslag	Notat med tilråding av tre navn som kan vurderes vidare	Se forslagene i lys av de etablerte kriteriene
Klargjøring av godt språk, opphavsrett og domenenaavn	Dialog med Språkrådet, Patentstyret og søk på domenenaavn	Kvalitetssikre navneforslag
Spørsmål til organisasjonen om de tre mest fortrukne	Sak på interne og FB-sider, med mulighet for at ansatte og	Skape medvirkning og deltagelse

valgene	studenter kan gi innspill	
Sak til styret om navn på det nye universitetet	Oppsummere innspill, vurderinger og tilbakemelding fra Språkrådet og Patentstyret	Skape grunnlag for beslutning

I styresaka står det at «HVL har som mål å sende universitetssøknaden i 2023. Det vil være en fordel med tanke på profilering av det kommende universitetet, og kunne skape engasjement både i HVL og i våre omgivelser, at vi tidlig kommer fram til navn. En åpen, inkluderende navneprosess kan bidra til at universitetsambisjonen støttes og jobbes aktiv for av ansatte, studenter og omgivelser. Målene blir å komme fram til et navn som er godt forankret internt i HVL og i våre omgivelser, og å mobilisere støtte og skape engasjement for det nye universitetet. Til sist er det Kongen i statsråd som vedtar det endelige navnet».

Arbeidsgruppa har arbeidd ut i frå framdriftsplanen og mandatet frå styret om at namneprosessen skal vere open og inkluderande, og at den skal bidra til at universitetsambisjonen har støtte og blir jobba fram av både HVL-tilsette, studentar og omgjevnadane våre. Dette gjeld både namnet på det nye universitetet på norsk og engelsk. Gruppa har hatt fire møte.

Innspelsrunde

Som grunnlag for innspelsrunden utarbeidde arbeidsgruppa eit notat med kriterium, målgrupper og andre viktige omsyn, som vi har jobba etter (sjå vedlegg 1). Det blei også laga ein tidsplan for arbeidet:



Tidsplan

1. Informasjon på Vestibylen	Primo september
2. Be om namneforslag studentar og tilsette	Oktober
3. Allmøte på campusane (samanmed Universitetsprosjektet)	Andre halvdel av oktober
4. Arbeidsgruppa vurderer namneforslaga - vel ut 3-5 forslag	Primo november
5. Drøfte utvalet med leiargruppa HVL	Medio november
6. Leiargruppa drøftar forslaga med eksterne samarbeidsparta kommunikasjonsbyrå, Språkrådet	November/desember
7. Arbeidsgruppa leverer rapport	Frist 15.12.21. Mogleg styrebehandling på nyåret/vinteren 2022

I oktober 2021 har det vore ein brei namneinnspelsrunde, der tilsette, studentar og einingar ved høgskulen har fått moglegheit til å melde inn namneforslag (med grunngiving). Informasjon om dette, og lenke til skjema der ein kan melde inn namn, blei mellom anna offentleggjort på intranettet Vestibyen, hvl.no og i sosiale medium.



[Framsida](#) < [Aktuelt](#) < [Har du innspel til universitetsnamn?](#)



Har du innspel til universitetsnamn?

No kan tilsette, studentar og einingar ved høgskulen melde inn forslag til universitetsnamn. Du kan også delta på allmøte om det nye universitetet på HVL-campusane.

Under innspelsperioden har det også blitt arrangert fysiske allmøte på kvar av HVL-campusane, der representantar for både universitetsprosjektet og arbeidsgruppa for universitetsnamn deltok. Det har vore bra oppmøte og engasjement på alle møta, og arbeidet har også fått ekstern merksemd. Undervegs i arbeidet har også ein ekstern kommunikasjonsrådgivar, som også var involvert i førre namneprosess (HVL), vore kopla på.

Arbeidsgruppa har, etter at innspelsrunden blei avslutta, gått gjennom dei 131 forslaga (ikkje unike, og ikkje alle handla om namn) og grunngivingane. Dette er ei oversikt over dei innmelde forslaga:

Innspel universitetsnamn (125 forslag)

Universitetet på Vestlandet	57	}	Gruppe: 73 (59%)
Vestlandsuniversitetet	11		
Vestland(et) universitet	5		

Vest universitet	6	}	Gruppe: 24 (19%)
Universitetet i Vest	8		
Universitetet i Vest-Noreg	7		
UniVest	3		

Fjorduniversitetet 9

Profesjonsuniversitetet på V. 6

<u>Distriktsuniversitetet</u>	2	<u>United Western University</u>	1
<u>Norges kystuniversitet</u>	2	<u>Norveg universitetet</u>	1
<u>Fridtjof Nansen universitetet</u>	1	<u>Vestenfieliske universitet</u>	1
<u>Ivar Aasen universitetet</u>	1	<u>VestlaMet</u>	1
<u>Det Vestnorske Universitet</u>	1	<u>Veritas Vincit Vest</u>	1
		<u>Mannaz X Universitet</u>	1

Universitetet på Vestlandet har blitt foreslått av 57 ulike personar, og er det alternativet som har blitt meldt inn flest gonger.

Samanfatting av grunngivingane som er meldt inn for dei mest populære og aktuelle forslaga:

Grunngjevingar frå innspelslista

Universitetet på Vestlandet

Variantar: Vestlandsuniversitet/Vestland(et) universitet

- Liknar på HVL, logisk val, enkelt
- Dekker alle campus
- Fungerer på begge målformer
- Bygger på etablerte normer for navnestruktur i sektoren
- Kan bruke den same logoen
- Ikkje endre for mykje, tenk omdømebygging og attkjenningsfaktor
- Namnet har god klang
- Solid namn
- «Vestlandet» er etablert og kjend nasjonalt og internasjonalt
- Lett med engelsk-versjon av namnet
- Markerer klårt skilje mot UiB
- «Vestlandet» er betre enn Vest-Noreg avdi det dekkjer betre geografisk og er enklare å skrive
- Å legge til «profesjon» kan marginalisere enkelte fagmiljø

Profesjonsuniversitetet på Vestlandet

- Både særtrekk og geografi er teke vare på
- Markerer skilje mot UiB

Universitetet i Vest/Vest universitet/UniVest

- Kort, enkelt namn
- Enkelt å uttale
- Skil oss frå Vestland fylke
- Kan bruke univest.no som domenenamn (ikkje Uiv som er for likt UiB)

Universitetet i Vest-Noreg

- Markerer nynorsk
- Treng ikkje endre engelsk-versjonen til HVL
- «Vestlandet» kan forvekslast med fylket

Fjorduniversitetet

- Geografien er prega av fjoridar
- «Fjord» fortel om eksotisk natur - ettertrakta landskapselement
- Vil fungerer godt internasjonalt - turistbransjen vil marknadsføre universitetet
- Lett å skrive, lett å hugse
- Same namn på norsk og engelsk
- Ikkje like aktuelt i sør som i nord

Arbeidsgruppa sine vurderingar

I møtet 10. november 2011 gjekk arbeidsgruppa gjennom alle namna og grunngevingane og kom til slutt fram til fire namn. Desse namna er:

- Universitetet på Vestlandet
- Universitetet i Vest
- Vestlandsuniversitetet
- Fjorduniversitetet

Arbeidsgruppa har ikkje rangert namna. Dermed er det arbeidsgruppa si meining at alle dei fire forslaga kan veljast som namn på det nye universitetet.

Arbeidsgruppa har utarbeidd eit oversyn over positive og negative sider ved dei ulike namna:

Namneforslag frå arbeidsgruppa	Fordelar/positive sider	Ulemper/negative sider
Universitetet på Vestlandet	<ul style="list-style-type: none">• Liknar på HVL, logisk og trygt val - omdøme, attgjenning, kontinuitet• Etablert namnetradisjon• Kan bruke same logo• Lett med engelsk versjon av namnet• Dekkjer alle campus• Fungerer på begge målformer (gjeld alle 4)• «Vestlandet» er kjend geografi• Markerer klårt skilje mot UiB• «Univest» mogleg domenenamn og forkorting	<ul style="list-style-type: none">• Litt langt namn• Namnet vil ikkje overraske, «kjedeleg» val• Kan risikere blanding av Vestlandet og Vestland
Universitetet i Vest	<ul style="list-style-type: none">• Kort, enkelt namn, enkel uttale• Etablert namnetradisjon• Kan bruke same logo• Enkelt å uttale• Skil oss klårt frå Vestland fylke• «Geografien» litt meir open/vidare• «Univest» er opplagt domenenamn og forkorting• Betre språkleg konstruksjon enn «Vest universitet»	<ul style="list-style-type: none">• Bryt meir med HVL enn Univ. på Vestlandet
Vestlandsuniversitetet	<ul style="list-style-type: none">• Dekkjer alle campus• Kan bruke same logo	<ul style="list-style-type: none">• Langt ord/namn, 8 stavingar• Litt «daglegtale»• Kan oppfattast som del av fylket• «Overser» UiS og UiB• Litt diffust
Fjorduniversitetet	<ul style="list-style-type: none">• Enkelt, lett å skrive, lett å hugse• Skil seg ut frå andre institusjonsnamn• Geografien/geologien prega av fjordar - ettertrakta landskapselement• Same namn på norsk og engelsk• Vil fungere godt internasjonalt• Mogleg undertittel: Profesjonsuni. på Vestlandet	<ul style="list-style-type: none">• Kan forvekslast med turisme, destinasjon, geografi• Ikkje like aktuelt for campusane i sør• Bryt med (norsk) namnetradisjon• Må truleg ha ny logo

Det er vidare utarbeidd eit oversyn over moglege forkortingar, domenenamn og namneforslag på engelsk:

Namneforslag	Forkorting	Moglege domene-namn	Namnet på engelsk	Kommentar
Universitetet på Vestlandet	UVL Univest	uvl.no upv.no* univest.no*	Western Norway University	
Universitetet i Vest	UiV Univest Vest	uiv.no univest.no* vest.no*	Western Norway University	
Vestlandsuniversitetet	VLU Univest	vlu.no* univest.no*	Western Norway University	
Fjorduniversitetet	Fjord	fjord.no*	Fjord University University of the Fjords	

*) desse domena er eigd/parkerte av nokon andre, HVL eig mellom anna *uvl.no* og *uivest.no*

Neste tabell viser ei enkel evaluering der dei fire namneforslage vert vurderte mot dei kriteriane arbeidsgruppa sette opp på førehand:

Enkel evaluering i høve til namnetradisjon og andre viktige omsyn

(kriterielista er ikkje fullstendig)

Namneforslag	Namne-tradisjon	Konti-nuitet HVL	Konti-nuitet logo	Enkelt/kort	Godt språk	God forkorting/ domene	Engelsk-versjon	Begge målformer
Universitetet på Vestlandet	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja	Tja*	Ja	Ja
Universitetet i Vest	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Vestlandsuniversitetet	Tja	Nei	Ja	Tja	Ja	Tja	Ja	Ja
Fjorduniversitetet	Nei (geologi)	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja +	Ja

Målgruppe er ikkje med som viktig omsyn – har ikkje fått innspel som gjer evaluering mogleg

*) Tja her har si årsak i at ein del koplar UVL til å føle seg uvel.